



Jølster kommune

6843 Skei i Jølster

tlf. 57 72 61 00

postmottak@jolster.kommune.no

NVE
Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

15.09.2016

Vår ref
SOTR 2008000163 - 15

Dykkar ref

Arkiv
FA - S11

Løpenummer
16/5175

Fråsegn frå Jølster kommune til søknad om auka slukeevne i Nydalselva kraftverk

I handsaming av saka i Utval for Plan og Utvikling - 054/16 er det gjort følgjande vedtak i saka:
Jølster kommune har ikkje merknader til søknaden, og tilrår at Nydalselva kraftverk får auka slukeevna til 1,55 m3/s.

Med helsing

Solfrid Trå
Naturforvaltar
57726124





Jølster kommune

Arkiv: FA - S11
JournalpostID: 08/163- 14
Sakshandsamar: Trå, Solfrid
Dato: 06.09.2016

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
---------------	-------	----------

Fråsegn frå Jølster kommune til søknad om auka slukeevne i Nydalselva kraftverk

Vedlegg i saka:

- | | | |
|----|--|-------|
| 1. | Avgrensa høyring - søknad om auka slukeevne i Nydalselva kraftverk | 74416 |
| 2. | SKMBT_C28016060108390 | 74417 |

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Jølster kommune har ikkje merknader til søknaden, og tilrår at Nydalselva kraftverk får auka slukeevna til 1,55 m³/s.

14.09.2016 Utval for Plan og Utvikling

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med tilrådinga.

UPU-054/16 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Jølster kommune har ikkje merknader til søknaden, og tilrår at Nydalselva kraftverk får auka slukeevna til 1,55 m³/s.

Saksutgreiing:

Nydalselva kraftverk har sendt søknad om auka slukeevne til NVE, og Jølster kommune er bedt om fråsegn.

Kraftverket søker om å få auka slukeevna frå 0,97 til 1,55 m³/s, og dette vil auke energiutbytte med om lag 3 GWh. Fastsett minstevassføring og minste slukeevne for kraftverket vert ikkje endra. Endringa gjev auka utnytting av flomvassføringa, og vil omtrentleg halvere tal døgn med overløp ved inntaket. NVE meiner at den viktigaste ulempa med redusert vassføring i flomperiodar er at den vil ha ei uheldig verknad på landskapsopplevinga. Konsekvensane for det biologiske livet i elva som følgje av redusert overløp vert vurdert til å vera svært små, og elva har frå naturen side dårlege forhold for fisk.

Jølster kommune vurderar at fordelene med auka kraftproduksjon er større enn ulempa med redusert landskapsoppleving i dette tilfellet, og vil tilrå at planendringa vert godkjent.